

Til, Fiskeri- og kystdepartementet,
Postboks 8118 Dep.
0032 OSLO.

Øystese, 21.03.2013.

Uttale om gjeldande forvaltingsregimet for villfisk i Hardangerfjorden.

Øystese Jeger- og fiskarlag (ØJFL) har i møte 12.03.2013 drøfta framlegget til forvaltingsregime for villaksen.

ØJFL ser på departementet sitt framlegg til innføring av ei øvre grense for biomasse i Hardangerfjorden på 50 00 tonn i samband med lakseproduksjon i konvensjonelle produksjonsløyisingar, som eit positivt tiltak for villfisken. Redusert biomasse i fjorden er eit tiltak for å lette lusepresset på villfisken. Ved at redusert biomasse vil g færre vertar for lakselusa.

Skal dette ha nokon effekt må ikkje denne grensa føre til at ein får auka biomasse ved at dagens totale tonn ligg under den grensa som vert føreslått.

Situasjonen for laksefisk, sjøaure og sjørøye er ikkje i tilfredstillande i 2013. Gjennom koordinert avlusing og justerte forskrifter for lakselus er det gjort tiltak for å lette lusepresset. Dette er heilt naudsynte tiltak, men som ikkje heilt har gjeve dei resultat for villfisken som ein hadde venta.

ØJF ser det som avgjerande at dei tiltak som no vert sett i verk må ha som utgangspunkt å utvikle ei miljøansvarleg og bærekraftig oppdrettsnæring. Dette må innehalde:

- Få ned lakseluspresset dersom ein framleis satsar på sjøanlegga. I den samanhengen kan redusert biomasse i fjorden vera eitt tiltak.
- Biomasse i samsvar med fjorden si økologiske bæreevne.
- Utvikle innovasjon av og miljøretta produksjonsformer for oppdrett.
- Ha som mål å arbeide for oppdrettsanlegg i økologisk balanse på land.
- Skape ei holdning til Hardangerfjorden som ein stad for utvikling av nyskapande, miljømessige og bærekraftige produksjonsanlegg, der resultatet vert eit pilotområde og ikkje eit problemområde.

Vi vil også tillate oss å peike på at den fysiske plasseringa av produksjonsanlegga i fjordbassenget også er vesentleg for lakseluspresset. Vi saknar ei overordna vurdering av plassering/mengde biomasse i høve til fjorda sine straumar og dermed spreiding av lakselusa ut frå produksjonsanlegga.

Med helsing,
Øystese Jeger- og fiskarlag – styret.

Thor-Arvid H. Pedersen
Leiar